



Kristian Bringedal overrekte blomar og historisk artikkel til Røsland og Johan Henrik Lyse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er utrolig viktig for ei bygd å ha ein arena eller møteplass og no har Uskedalen fått gjenopna sin.

Det sa Kristian Bringedal til eigar Røsland og løyvehavar Johan Henrik Lyse då Vertshuset opna dørene fredag kveld. Han gratulerte med opninga på vegne av styret og Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen Utvikling.

- Det har vore store forventningar til denne gjenopninga, ja det har nærmast vore eit press på eigaren. Mange har vore oppteke av det gledelege som no skal skje og uskedalingar og båtfolk er spente på kva dykk har å bidra med, sa Bringedal som overrekte blomar og særtrykk av ein artikkel som kjem til å stå i Uskedalspostens sommarnummer..

Den heiter "Slaktehuset som vart til vertshus" og handlar om den spesielle bakgrunnen til dette huset. I artikkelen fortel Sigvald Eik (92) om slakteriet som kom i gang i 1959 med han som styreformann og Peder Holmedal som ansvarleg slaktar.

Med blomane fylgde eit bilete av Gustav Bergstø fotografert bakifrå.

– Det passar i denne samanhengen fordi Bergstø var ein tiltakshavar som var oppteke av å skapa noko, særleg for unge folk, sa Bringedal.

Røsland sette pris på at Gustaven vart trukke fram og det av ein spesiell grunn:

- Den første jobben min var for Gustaven, det var å pakka ved for 50 øre sekken, fortalde eigaren av Vertshuset.

Av Ola Matti Mathisen